

Skrapar ikkje bilruta før køyring

Nesten kvar tredje bilist har opplevd farlege situasjonar i trafikken på grunn av dårleg skrapa bilruter. Det viser ei undersøking Tryg Forsikring har gjort. Ifølgje forsikringsmessige og straffemessige konsekvensar dersom det skulle oppstå ein skade under køyring med dårleg skrapa ruter. Gode råd for skraping av bilruter er å ha ei god isskrape og snøskost i bilen, eller eit frontrutetrekk viss ein parkerer ute. Ein må hugse å skrape sidespegla, og kanskje å vurdere å investere i motorvarmar og kupévitte.

Usikkert om budsjett

– Det me veit så langt er betre enn frykta. Det sa ordførar Olav Kasland om statsbudsjettet og effekten det har på kommunebudsjettet i formannskapsmøtet sist måndag. På grunn av folketalsveksten får Bø kommune 14 millionar kroner meir frå staten i 2016. Hadde ein fått pengar etter same kriterium for 2015 skulle kommunen hatt 15 millionar meir, sa Kasland til formannskapet. Han peikte på at vekstkommunar vil henge etter. Likevel er ikkje alt klart, statsbudsjettet vart forhandla ferdig måndag og det er ikkje klart kva effekten blir for Bø av dei siste endringane.



KOMMUNEREFORMA

Bø vil ikkje

Bø trekte seg frå forhandlingane med Seljord fordi ein meinte seljordingane ville vestover og ha bøheringane gåande på gras. No lurar Olav Kasland på om Sauherad gjer det same.

Marta Kjøllesdal

marta@bobladd.no – tlf 976 88692

– Eg kan kommentere (Sauherad red.m.) litt som eg gjorde med Seljord. Eg føler det litt som om de går opp kyrkjegolv og skal velje brur framfor alteret. Det er ikkje noko god kjensle.

Det sa Olav Kasland (V) på slutten av andre møtet i forhandlingsutvalet til Midt-Telemark-kommunane tysdag.

Møtet om kommunesamanslåing var denne gongen lagt til kommunestyresalen i Sauherad. Etter ønske frå mange av deltakarane var det invitert ein representant frå dei tre SAS-kommunane (Stokke, Andebu og Sandefjord). Dei tre er igjennom kommunesamanslåingsløpet og blir ein ny kommune frå 1.1. 2017. Dei har hatt ein prosess som blir trekt fram i mange samanhengar og sett på som veldig vellykka.

Samanslåing uansett

Den som kom til Akkerhaugen var Lars Joakim Tveit, rådmann i Stokke kommune. Tveit trudde kommunesamanslåinga i hans område hadde vore i gang uansett kommunereform. Han meiner folk ikkje skjønner kvifor ein treng 14 kommunar i eit fylke som er mindre enn Vinje. Grunn-

ane for å slå seg saman er godt kjende: tenestene kommunane skal levere blir fleire og meir komplekse, ein treng større fagmiljø og bruke meir ressursar til tenester og mindre til administrasjon. Dessutan er det ingen som er innoom kommunehuset lenger.

Politikarstyrt

Ein av suksessfaktorane Tveit trekte fram er at prosessen var politikarstyrt. Partipolitikken har ikkje spelt noko rolle. Han var også oppteken av at ein ikkje må gjere nokon unødvendige utgreingar.

– Me trong ikkje vite kor mange gamle menn det er eller kor mange unge kvinner som røykjer, meinte Tveit.

Derimot vart det lytta til når Stokke sa at dersom dei ikkje fekk behalde alle skulane, så var det uinteressant.

Kort diskusjon om namn

Namnediskusjonen var over på fem minutt. Det var viktig for Sandefjord å behalde namnet og det forstod dei andre. Dermed foreslo Andebu at namnet til den nye kommunen skal vere Sandefjord. Derimot fekk ikkje Sandefjord behalde kommunevåpenet, sjølv om det var viktig. No har det å lage nytt kommunevåpen blitt noko som engasjerer mange.

– Det er viktig å vereause, understrekar vestfoldrådmannen.

Det var også viktig å avgrense arbeidsgjevarpolitikken.

– Dei tillitsvalde er viktig, men det er ikkje dei som skal bestemme om kommunar skal slå seg saman, sa Tveit.

Dei tilsette hadde fått løfte om

at ingen skal miste jobben, men dei må kanskje gjere andre oppgaver. Det gjorde at dei slappa av. Informasjon har vore viktig og kome i fleire kanalar. Det heldt også på å gå gale med prosessen, men ein kom seg vidare.

– Vil innbyggjarane akseptere at det ikkje blir samanslåing fordi ein ikkje blir einig i fordelinga mellom offentlege og private barnehagar? Eller fordi det er for vanskeleg med datasystemet? Det var eit spørsmål Tveit anbefalte at forhandlingsutvalet spurte seg om.

– Me sløkkjer ikkje lyset i rådhuset. Eg trur heller ikkje det er lurt å starte med å byggje nytt rådhus, me jobbar desentralisert, forklarte Tveit.

Dei tre kommunane har prøvd å plassere arbeidsplassar på dei ”ledige” rådhusa. Det er ingen av dei som er store nok til å huse alt. Men det er samtidig sagt klart at eit politisk vedtak varer berre til eit nytt er fatta.

Tonar ned økonomien

Tveit ville ikkje gi tal på kva ein sparer i samanslåinga sjølv om økonomi var ei av årsakene.

– De er ulike mål. I Stokke hadde me kanskje ikkje klart å oppretthalde alle skulane utan samanslåing, sa Tveit. Han har tona ned økonomien i det.

Han anbefalte også at innbyggjarane blir inviterte til møte og spurt om kva dei meiner.

Kasland lurte på når ein burde ta dei vanskelege sakene, som plassering av kommunehus. Det har blitt anbefalt å ta dei først slik at ein ikkje kastar vekk tid om ein ikkje blir einig. Tveit opplyste at



i SAS-kommunane sin prosess kom dei midt i.

Rir to hestar

– Me har ikkje meir enn tida og vegen. Sauherad rir to hestar, kor langt er de komne, betyr det noko for det som skjer i Vrådal, spurde Kasland på slutten av møtet.

Midt-Telemark-kommunane skal møtast til forhandlingar i

Vrådal i desember.

Ordførar i Sauherad, Mette Haugholt, gjorde greie for møte som Sauherad, Notodden, Hjartdal og Seljord hadde hatt. Eit par av kommunane må ha nye vedtak før dei går vidare. Dei fire skal møtast i Seljord 21. desember for å kome fram til kva dei gjer vidare.

– Eg hadde ønskt parallel-

Opnar for utleige i Grivibakke

Etter mange rundar i det kommunale saksapparatet set nå kommunen utleigedøra på gløtt for huseigarar i Grivibakken.

Øystein Akselberg

oystein@bobladd.no – tlf 906 38 453

Bustadane i Grivibakken ligg innanfor reguleringsplan for Grevi gard, datert desember 2013. Det har i området vore fremja fleire søknader om utleigedel i det såkalla felt B6. Alle har fått avslag med grunngeving i at utleige ikkje er tillate i konsentrert småhusbustad. Det har ikkje vore gjeve løyve til utleigedel innanfor felta B4-B8 tidlegare.

Nei til dispensasjon

Sakshandsamar i byggjesaker skriv at det per i dag er fire bustadar som har tilsvarande moglegheit til utleige som Grivibakken 18A. Ifølgje kommunen har Grivibakken 18 vore gjennom ein uryddig prosess og er i utgangspunktet bygd heilt på grensa av det lovlege. Dispensasjonar har vore handsama i fleire etappar i åra 2012-2013

med avslag på bruk av underetasje til utleige.

Samtidig seier sakshandsamarar at nye statlege føringar og ny arealdel av kommunepanen kan gje grunnlag for å vurdere vilkåra for reguleringsplanen på nytt. Det kan derfor vere rett å gje dispensasjon eller gjere endringar i planen. Sakshandsamarar peikar på at ein dispensasjon vil gje presedens for

dei tre andre bustadane som har utleigemoglegheit.

Nei kan bli ja

I vedtaket blir det tilrådd å seie nei til å gje dispensasjon i denne enkeltsaka. Det blir peika på at dispensasjon vil skape presedens og konsekvensar som ikkje er vurdert. Vidare blir det tilrådd at planutvalet gjev administrasjonen i oppgåve å gjere